

NORDHORDLAND DIGITALT
AVTALE OM INTERKOMMUNALT SAMARBEID

1. Heimel

Kommunesamarbeidet er skipa som interkommunalt samarbeid (styre) med heimel i kommuneloven § 27.

Samarbeidet heiter Nordhordland Digitalt (ND).

2. Deltakarkommunar

Avtalen gjeld mellom kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal.

3. Rettsleg status

Nordhordland Digitalt er eige rettssubjekt. Samarbeidet skal registrerast i Brønnøysund.

4. Føremål

Nordhordland Digitalt skal vera eit organ der kommunane i regionen samarbeider om utvikling av e-kommunen, felles geografiske informasjonssystem (GIS), felles prosedyrar for handtering av plan- og byggjesaker og felles prosedyrar for handtering av oppmålingssaker/matrikkelen og adressering.

Regionen skal ha ei effektiv, økonomisk og oppgåvetilpassa organisering av den del av verksemda som er knytt til arealplan, byggesak og geomatikk. Samarbeidet skal ha fokus på felles nytte for regionen, einsarta forvaltning og lik haldning til brukarane.

Kart- og geodatatenestene i Nordhordlandsregionen skal vere framtidsretta og gje grunnlag for utvikling av ein dynamisk vekstregion og effektiv offentleg sektor. Plan- og byggjesaksbehandlinga skal ha høg fagleg kvalitet og vere profesjonell i høve til nærings- og bustadutbygging.

5. Organisering

(Kommuneloven § 27 nr 2a)

Kommunestyra i den einskilde kommune er øvste mynde for samarbeidet.

Samarbeidet skal ha eit Fagstyre som skal ha ansvar for organisering og drift av samarbeidet.

Samarbeidet skal ha tilsett sekretær og frikjøpt GIS-ressurs.

Radøy kommune er kontorkommune. Kontorkommunen er arbeidsgjevar for tilsett sekretær. Kontorkommunen har arkivansvar.

Styret kan opprette faggrupper.

6. Mynde og delegasjon

(Kommuneloven § 27 nr 1)

Kommunestyret i deltakarkommunane peikar ut deltakar til Fagstyret, eller delegerer mynde til rådmannen i den ein skilde kommune til å peike ut deltakar til Fagstyret.

Kommunestyret i deltakarkommunane delegerer mynde til Fagstyret når det gjeld drift og organisering av samarbeidet, innafor vedtatt budsjett/rekneskap.

7. Fagstyret si samansetning

(Kommuneloven § 27 nr 2a)

Kvar deltakarkommune skal ha 1 representant i Fagstyret. Det skal oppnemnast varamedlem for medlemmane i Fagstyret.

Styret vel sjølv sin leiar og eventuelt nestleiar.

Leiar av Fagstyret innkallar til møte etter trong, eller når minst eit medlem av Fagstyret krev det. Fagstyret skal halde møte minst ein gong per halvår. Fast punkt på møte 1. halvår er årsrapport og rekneskap. Fast punkt på møte 2. halvår er budsjett og årsplan/handlingsplan.

Fagstyret sin leiar er møteleiar. Ved styreleiar sitt fråvær skal det veljast møteleiar i styremøte.

Fagstyret er vedtaksfør når minst halvparten av Fagstyret sine medlemmar er tilstades.

Kvart medlem i Fagstyret har ei stemme. Vedtak treffast med alminneleg fleirtal. Dei som stemmer for eit forslag, må likevel utgjere meir enn ein tredel av samtlege styremedlemmar. Ved stemmelikskap er møteleiar si stemme avgjerande.

Styrets leiar har ansvar for at det førast protokoll frå Fagstyret sine møte. Protokollen skal godkjennast av Fagstyret og signerast av to medlemmar frå Fagstyret.

8. Fagstyret sine oppgåver

(Kommuneloven § 27 nr 2 b)

Fagstyret har ansvar for organisering og drift av samarbeidet, og leiar samarbeidet ut i frå lov, avtale og vedtekter.

Område for Fagstyret sin verksemd:

- a) utarbeide årsplan, handlingsplan og årleg rapport
- b) gje tilråding som gjeld budsjett og handsama budsjett, rekneskap og årsmelding
- c) fastsett kvalifikasjonskrav ved tilsetjing og frikjøp av personell
- d) gjennomføre prosjekt innafor fagområde
- e) opprette og vere oppdragsgjevar for faggrupper innafor fagområdet
- f) vera generelt rådgjevingsorgan innafor fagområde
- g) syta for samordna formidling av allmenn rettleiingsformasjon til publikum, nærings- og kulturliv, og å organisera og gjennomføra aktuelle opplærings- og informasjonstiltak innan saksområdet
- h) å fastsetja felles faglege rutinar og malar innan saksområdet
- i) syta for eit godt og effektivt tilsyn i høve plan- og bygningslova

- j) vera forvaltar av Regionrådet Nordhordland IKS si eigarrolla til regionen sin kartportal
- k) ta vare på kommunane si fellesskapsrolle

Fagstyret forpliktar deltakarkommunane innafor vedteke formål, årsplan, budsjett og tildelte prosjektmidlar. Fagstyret har ikkje mynde til å ta opp lån eller stille garantiar.

9. Tilsette og frikjøpte ressursar

Samarbeidet skal ha tilsett sekretær i 50 % stilling som skal frikjøpast frå ein av kommunane i regionen.

Samarbeidet skal ha tilgjengeleg ein GIS-ressurs som skal drifte GIS-løsningar, og som skal frikjøpast frå ein av kommunane i regionen. Frikjøp godtgjerast etter timeliste/avtale i samsvar med budsjett.

Ved skifte av tilsette/frikjøpte ressursar avgjer styret kven som skal frikjøpast. Aktuell person skal ha takka ja til oppgåva og arbeidsgjevar skal ha gjeve samtykke til frikjøpet.

Tilsette/frikjøpte ressursar er underlagt Fagstyret og har møte- og talerett i Fagstyret sine møte. Fagstyret er oppdragsgjevar for tilsette/frikjøpte ressursar. Tilsette/frikjøpte ressursar skal utføre arbeidsoppgåvene for Fagstyret og for underliggende organisasjon i den utstrekning Fagstyret bestemmer.

Sekretæren er sekretær for Fagstyret og skal vere kontaktperson for verksemda. Sekretæren sine oppgåver er spesifisert i "Arbeidsinstruks for sekretærfunksjonen i Nordhordland Digitalt", vedlegg 1 til denne avtalen.

GIS-ressursen skal vere superbrukar, og skal yte support og naudsynt bistand til samarbeidskommunane innafor felles fagsystem. GIS-ressursen sine oppgåver er spesifisert i "Arbeidsinstruks for GIS-ressursen i Nordhordland Digitalt", vedlegg 2 til denne avtalen.

10. Avtaletid. Tidspunkt for overføring av oppgåver og mynde

Avtalen gjeld i tre år med verknad frå 01.01.12, med automatisk lenging for 3 år om gongen.

11. Rapportering til deltakarkommunane

Fagstyret skal utarbeide årleg rapport over samarbeidet sitt virke. Rapporten skal leggjast fram for kommunestyret i dei einskilde kommunane som meldingssak.

Det einskilde medlem i Fagstyret har ansvar for å formidla naudsynt informasjon til politisk leiing, rådmann og deltakarar i faggrupper i eiga kommune.

12. Økonomiske tilhøve

(Kommunelova § 27 nr 2 c og d og Forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner av 15. desember 2002 nr 1424 § 12.)

Samarbeidet skal ha budsjett og rekneskap. Regnskapen for samarbeidet skal inngå i årsrekneskapen til kontorkommunen, og reviderast av kontorkommunen sin revisor.

Fagstyret vedtar sjølv samarbeidet sitt budsjett, rekneskap og årsmelding, på grunnlag av innstilling frå kontorkommunen. Budsjett, rekneskap og årsmelding er ikkje endeleg før det er godkjent av kommunestyret i den einskilde deltakarkommune, eller den som er delegert mynde til å vedta budsjett, rekneskap og årsmelding.

Kostnadene med samarbeidet vert delt i høve til det fordelingsprinsippet som gjeld for kommunane sitt faste medlemskap i Regionrådet Nordhordland IKS. Kostnadene fordelast på kommunane etter fordelingsnøkkel 1/3 flatt – 2/3 etter folketal. Fordelingsnøkkelen gjeld frå 01.01.2012 og skal deretter vurderast kvart tredje år.

Kontorkommunen krev inn refusjon frå dei deltakande kommunane i samsvar med vedtatt fordelingsnøkkel, i to ratar den 01.04 og 01.10 kvart år.

Kostnader som kommunen har til eige personell i samband samarbeidet vedkjem ikkje samarbeidet sitt budsjett.

13. Uttreden, oppløysing og avtalendring

(Kommuneloven § 27 nr 2 e)

Kvar av deltakarkommunane kan tre ut av samarbeidet etter skriftleg varsel til styret. Uttreden kan tidlegast finne stad ved årsskifte tre år etter at skriftleg varsel er mottatt av styret.

Samarbeidet kan løysast opp når deltakarkommunane er samde om det.

Krav om uttreden og oppløysing kan bringast inn for departementet etter kommuneloven § 27 nr 3.

Kvar av deltakarkommunane kan med 6 månaders skriftleg varsel krevje forhandling av avtalen i avtaleperioden. Endring av avtalen skal førast som vedlegg til avtalen.

Det er kommunestyret i den einskilde kommune som kan treffe vedtak om uttreden, oppløysing og krav om forhandling av avtalen.

Endring av samarbeidsavtalen skal vedtakast, ved likelydande vedtak, av kommunestyret i kvar av deltakarkommunane.

Mindre endring av avtalen, i avtaleperioden, kan vedtakast av styret samrøystes. Opptak av nye deltakarkommunane er å sjå som ei mindre endring.

Vedlegg 1, 2 og 3 til denne avtalen kan endrast av Fagstyret etter dei alminnelege reglane om vedtak i samarbeidsavtalen pkt 7.

14. Tvist

Eventuell tvist skal partane søkja avklart ved forhandling. Lukkast ikkje dette, skal tvisten avgjerast ved voldgift, der kvar part oppnemnar sin representant, og med lensmannen i Radøy som voldgiftsdomar om partane ikkje er samde om ein annan person som voldgiftsdomar.

Denne avtala er godkjent av deltakarkommunane:

| | | | |
|------------------------------|-------|---------------------------|-------|
| Sted: | Dato: | Sted: | Dato: |
| Ordførar Austrheim kommune: | | Ordførar Fedje kommune: | |
| Sted: | Dato: | Sted: | Dato: |
| Ordførar Gulen kommune: | | Ordførar Lindås kommune: | |
| Sted: | Dato: | Sted: | Dato: |
| Ordførar Masfjorden kommune: | | Ordførar Meland kommune: | |
| Sted: | Dato: | Sted: | Dato: |
| Ordførar Modalen kommune: | | Ordførar Osterøy kommune: | |
| Sted: | Dato: | Sted: | Dato: |
| Ordførar Radøy kommune: | | Ordførar Vaksdal kommune: | |

Vedlegg 1:

Arbeidsinstruks for sekretærfunksjonen i Nordhordland digitalt, jfr samarbeidsavtalen pkt 9

Sekretærressursen i Nordhordland Digitalt skal generelt vera kontaktperson for verksemda. Sekretærressursen skal koordinere innspel til verksemda og leggje dei fram for Fagstyret. Sekretæren innehar sekretærfunksjon for Fagstyret.

Spesifiserte arbeidsoppgåver for sekretæren, som er rettleiande og ikkje uttømmmande rekna opp:

- a) Føre møtereferat frå Fagstyremøta, jfr samarbeidsavtalen pkt 7
- b) Utarbeide årsmelding og handlingsplan, og rapportere på drift, jfr samarbeidsavtalen pkt 8a
- c) Bistå kontorkommunen og Fagstyret i budsjettarbeid for verksemda, jfr samarbeidsavtalen pkt 8 b
- d) Rapportere til Fagstyret på rekneskap, jfr samarbeidsavtalen pkt 8 b
- e) Koordinere prosjekt som vert peika ut av styret, jfr samarbeidsavtalen pkt 8 d
- f) Søke eksterne instansar om ressursmedverknad i fellestiltak innan saksområdet, jfr samarbeidsavtalen pkt 8 d
- g) Koordinere høyringssvar i saker innan saksområde, jfr samarbeidsavtalen pkt 8 f
- h) Organisera aktuelle opplærings- og informasjonstiltak innan saksområdet, jfr samarbeidsavtalen pkt 8 f
- i) Halde seg oppdatert på utvikling og krav innafor fagområdet, og ta del i naudsynte seminar, konferansar og kurs i samsvar med budsjett, jfr samarbeidsavtalen pkt 8 f
- j) Fange opp nye lover og forskrifter, påpeike konsekvensar og førebu integrering.
- k) Formidle faglege oppdateringar til Fagstyret og faggrupper, jfr samarbeidsavtalen pkt 8 f
- l) Koordinere arbeidet med felles faglege rutinar og malar innan saksområdet, jfr samarbeidsavtalen pkt 8 g
- m) Etablere og vedlikehalde arkiv for felles faglege rutinar og malar innan saksområdet jfr samarbeidsavtalen pkt 8 g
- n) Ivareta samarbeidet mellom Fagstyret i Nordhordland Digitalt og Nordhordland og Gulen interkommunale tilsyn, jfr samarbeidsavtalen pkt 9 h
- o) Sjå til at felles IKT-løysingar er ivaretatt på en god måte, og samhandle med den felles IKT-drifta for Nordhordland, jfr samarbeidsavtalen pkt 9 i og j

Vedlegg 2:

Arbeidsinstruks for GIS-funksjonen i Nordhordland digitalt, jfr samarbeidsavtalen pkt 10

GIS-ressursen skal generelt vera kontaktperson for GIS-relaterte oppgåver.

GIS-ressursen skal:

- a) Vera superbruker på QMS, og yte support og naudsynt fagleg bistand til samarbeidskommunane og IKT Drift i Nordhordland.
- b) Drifte felles QMS-serverar, i den grad dei ikkje vert drifta av felles IKT Drift i Nordhordland.
- c) Framforhandle og samordne tenelege lisens- og driftsavtalar innafor GIS-området.
- d) Vere kontaktperson opp i mot GIS-leverandørar.

Vedlegg 3:

Arbeidsoppgåver for faggrupper under Nordhordland Digitalt, jfr samarbeidsavtalen pkt 5 og 8 e.

Faggruppa vel sekretær/leiar for faggrupper i ein periode av to år om gongen.

Faggruppa sitt mandat er å sikre gjennomføring av samarbeidet i samsvar med samarbeidsavtalen pkt 4 og oppdrag frå Fagstyret. Faggruppa skal melda nye prosjekt opp til fagstyret til godkjenning.

Referat frå møter i faggruppa sendast Fagstyret til orientering. Faggruppa rapporterer til Fagstyret i tråd med Fagstyret sin årsplan og budsjett.

Faggruppa skal:

- a) samkjøra og effektuera prosjekt og portalar
- b) integrera lovendingar
- c) utarbeida forslag til felles rutinar og malar
- d) delta i regionale fora innafor fagfeltet
- e) ha driftsoppsyn med felles IKT-løysingar
- f) samkjøra lisensar og driftsavtalar
- g) bygge opp under kompetanseheving